



Festivalkontoret er ope alle dagar.

For nokre minutt sidan opplyste Festidalen-leiinga at det berre var 264 helgepass att til festivalen. Dermed ser det ut til at Festidalen-leiar Bjørn Olav Tveit kan få rett i den optimistiske spådommen sin om at ein kan verta utseld i løpet av dagen. Billettsalget til Festidalen har i alle fall vore historisk godt.

Billettar kan ein få kjøpt på nettet via [Festidalen si heimeside](#) eller på festivalkontoret i Gamleskulen. Festivalkontoret opnar kl.13, men det spørst om ein skal våga å venta så lenge? Forutan festivalpassa var det 250 enkeltbillettatt til laurdagen og noko meir til fredagen. Det er i år opna for 300 fleire på Dønhaugjordet kvar dag så rekord vert det nok. I tillegg ser vermeldingane på yr.no svært lovande ut!

På festivalkontoret kan ein også veksla billettane inn i armband for å unngå køståing ved inngang fredag og laurdag. For å få minst mogeleg kø, er det også viktig at dei som skal vera verje for festivalgjester under 18 år, fyller ut verjeskjema og set seg inn i reglane på førehand.

På festivalkontoret vert det også salg av kule solbriller, T-skjorte, hettegensar, sjøstøvlar, caps og handlenett. Av T-skjorter er det små størrelsar av FestidaGen og større Festidalen-t-skjorter. Det er også salg av kaffi og vafler.

Opningstidene til festivalkontoret:

Torsdag: 13.00 – 18.00

Fredag: 13.00 – 17.00

Laurdag: 12.00 – 16.00

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

